



Det er eit kvalitetsstempel
å få fullt tilsegn frå
departementet.

Harriet Slaaen



Feira: Anja Hjelseth (t.v.), politisk rådgjevar i Kommunal- og regionaldepartementet, let seg imponere av utsikta frå Grindkleiv. Harriet Slaaen, Solveig S. Abrahamsen og Ole Tufte er glade for støtta frå departementet.

Feira tilskot med sjampis og jordbær

Seljord og sogene fekk fullt gjennomslag i Kommunal- og regionaldepartementet. Det blei feira med sjampanje og jordbær på utkikkspunktet Grindkleiv.

VTB Øystein Øygarden
oystein.oygarden@vtb.no

Stadutviklingsprosjektet i Seljord var ein av dei vel 30 prosjekta som kom gjennom nålauget når Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) for få dagar sidan avgjorde kven som skulle dele dei 32 millionane som skal utvikle lokalsamfunn over heile landet. Seljord og sogene søkte om 800.000 kroner og fekk fullt gjennomslag for bulystmidlar hos departementet.

– Til saman søkte 250 ulike prosjekt om støtte. Me har vore gjennom kraftig siling av prosjekt. Seljord og sogene er eit veldig flott prosjekt, og det absolutt

beste frå Telemark, seier Anja Hjelseth, ulefosskvinna som er politisk rådgjevar i KRD.

Torsdag vitja ho Seljord. Her fekk ho eit innblikk i litt av det som er gjort i stadutviklingsprosjektet. Saman med representantar frå Seljord og sogene gjekk turen til Grindkleiv der eitt av dei tri utkikkspunkta langs Seljordsvatnet er sett opp.

Kvalitetsstempel

Ordførar og leiar i styringsgruppa, Solveig Sundbø Abrahamsen, spretta den alkoholfrie sjampanjen på å toppen. Saman med pro-

sjekteiar Harriet Slaaen, Ole Tufte frå styringsgruppa, og Senterpartiets Anja Hjelseth, Jorunn Hegni og Sveinung Leikvoll blei det feira med jordbær og vør som stod i stil med utsikta frå toppen.

– Det er eit kvalitetsstempel å få fullt tilsegn frå departementet, seier Harriet Slaaen, som medgjev at ho var spent før avgjerda. Men seljordingane hadde ei god kjensle etter at dei før jol presenterte prosjektet for departementet i Oslo.

Spydspissen

Dei 800.000 kronene skal gå til

arbeidet med å setje opp tårnet på Bjørgeøyen, uteområdet rundt skulen og kunstlåven, og skilting av turvegen. Det har vore litt uvisst når det mykje omtala utkikkstårnet blir ein realitet, men det er no eit godt håp om at hovudutkikkspunktet blir reist. Frå før har Statens organ for kunst i offentlege rom (KORO) løyvd midlar til forprosjekt.

– Tårnet er spydspissen. Det gjev prosjektet eit internasjonalt snitt, seier Slaaen og Ole Tufte.

Ole Tufte representerer næringslaget som er ein viktig støttespelar i Seljord og sogene.



Seljord og sogene

- Fireårig kulturbasert stadutviklingsprosjekt som blir avslutta i 2011.
- Fysisk tilrettelegging, kunst, kultur og opplevingar er innhaldet i prosjektet.
- Målet er å byggje om- og auge attraksjonskraft slik at Seljord blir ein betre stad å bu, besøkje og drive næring i.
- Spleiselag mellom Seljord kommune, Seljord næringslag og Telemark fylkeskommune, med støtte frå Kommunal- og regionaldepartementet, Kunst i offentlege rom, Norsk kulturråd og Direktoratet for naturforvaltning.
- Fleire delprosjekt er gjennomført, som opprusting av Ingrid Slettens veg og dei tri kunstinstallasjonane rundt Seljordsvatnet.

Bulyst

- Det var tidlegare statsråd Åslaug Haga som starta bulystprosjektet. Vesttelane Odd Nordstoga og Kjersti Nordskog Nes var blant medlemmene i bulystrådet som blei oppretta i 2006.
- Målet er å leggje til rette for at distriktskommunar blir meir attraktive som varig bustad, og å samle kunnskap om kva som påverkar folk sine val når det gjeld bustad.
- Kommunal- og regionaldepartementet gjev 32 millionar kroner til 35 prosjekt i heile landet.
- Det kom inn 250 søknader om 200 millionar kroner.

Totalt bidreg det lokale næringslivet med 1,5 millionar kroner over fireårsperioden som er sett av til prosjektet.

– Næringslivet har vore med frå dag ein. For oss er det sjølv sagt viktig å få fleire til Seljord. Då vil fleire handla og det blir også lettare å få tak i arbeidskraft. Dessutan er me Seljord-patriotar, smiler Tufte.